

Til alle heimane i Myrkdalen.

Årsmøte i Samstyret –Landskapsparken.

DE vert hermed inviterte til Årsmøte på skulen torsdag 26. februar kl 20.00

Vanlege årsmøtesaker: Godkjenning – rekneskap - årsmelding – val – ymse!

Årsmelding!

Styret har vore: Jorunn Hirth (leiar) – Per Backer (kass) – Maria Petterson – Asbjørn Tveite – Terje Kvalfoss – Kjetil Skjervheim – Arne Bystøl – Torill Årnot. Prosj.leiar: Gudmund Furu

Det har vore halde 8 styremøte + møte i samband med tilskipingar.

Aktivitet:

1.+2/2	Saml. for landskapsparkane i Ulvik. Gudmund og Per deltok
7/3	Samling for LP på Evanger. Leif Arne + Gudmund deltok
23 + 24/4	Stimerkingskurs i Herand. Gudmund deltok
Vår	Laga brosjyre for Myrkdalen. LOGOLINK produserte. Nytt opplag må trykkjast!
Vår	Teke opp med vegvesenet om skilt –Myrkdalen- i begge endar av dalen. Har ikkje nådd fram.
Vår	Har delteke på Designprogram i regi av Voss Fjellandsby
Juni	Fått produsert T-skjorter for salg
	Har laga skriv til Voss Fjellandsby om å få sett igang bygging på tomtene som dei eig i byggefeltet. Kan føra til at folk vil flytta hit!
12/7	Skipa til Myrkdalsdagen med god oppslutning
sommar	Rydda turstiar: Bygdastølen – Svoleset + Vetlebotn – Overland + Skjervheimsstøl – Tveitestøl. Her står att og merka med skilt. Desse er produserte.
7/9	Gjennomført Myrkdalsmarsjen m/lokal mat på skulen.STREIF-arr. 55 stk deltok
20/9	Hytteforeninga v. Voss Fjellandsby var med og rydda skiløype til Revhaugen
28/9	Måtte avlysa studietur til Herand pga lite påmelding
haust	Laga til 3 stk quis-kveldar med ca 25 deltakarar kvar gong. Trivselstiltak
nov	Sendt innspel til Regionalt miljøprogram for Hordaland, 2009 - 2012
19/12	Arrangert åpningsseremonien for Myrkdalstunnelen.
des/jan	Hjelp til med turløype på Bygdadalen – utviding av brua på stølen.
16/1-09	Delteke på reiselivsmessa "Reiseklar 2009" i Bergen

Vidare arbeid for 2009: Rydda og merka fleire turstiar!

Arbeida for å få til båt plass på Nesheim!

Skipa til Myrkdalsdagen 11/7 og Myrkdalsmarsjen 6/9

Landskapsparken hjelper til dersom nokon vil "setja i gang med noko" som fremjar utvikling i Myrkdalen!

På årsmøtet vil de få kaffi/te m. noko attåt. Me syner og filmen "Ein veg vert til" om bygginga av Vikafjellsvegen. Fleire lokale "filmstjerner"!

Godtfolk! Møt fram på årsmøtet og gje gjerne ros eller ris til det arbeidet ein jobbar med, me vil vel alle det beste for dalen vår?